

Årsmelding Gol kyrkjelege fellesråd

2014



ORGANISERING AV DEN LOKALE KYRKJA

Gol fellestråd består av 2 soknerådsmedlemer frå Herad sokn og 2 soknerådsmedlemer frå Gol sokn. I tillegg sit sokneprest og kommunal representant (formannskapsmedlem) i fellestrådet. Fellestrådet har oppgåvene med forvaltning av kyrkjer og kyrkjegardar samt personalansvar og det økonomiske ansvaret for drifta.

	<u>Medlemer:</u>	<u>Varamedlemer:</u>
Leiar:	Ola Grønseth	Björg Ådnegard Slaatto
Nestleiar:	Magne Hoftun	Knut Halvor Engebakken
Medlem:	Trygve Lono Smedsgård	Anne Marie Rensel
Medlem	Gunn Kristin Magnetun Brennhovd	Laila Andersen Bakke
Sokneprest:	Jan Olav Skinnemoen	Allan Madsen
Frå kommunen:	Tore Dag Skjerdal	Heidi Granli

Kyrkjeverja er sakshandsamar og sit som sekretær i Fellestrådet

FELLESTRÅDET

§ 14 i Kyrkjelova gir følgjande oppgåver til fellestrådet:

”Kyrkjeleg fellestråd skal ivareta administrative og økonomiske oppgåver på vegne av sokna og utarbeide mål og planar for den kyrkjeleg verksemd i kommunen, fremja samarbeid mellom sokneråda og ivareta sokna sine interesser i forhold til kommunen.”

I praksis betyr dette oppgåver på desse områda:

- mål og planer
- økonomiansvar
- personalansvar og personalforvaltning
- drift og vedlikehald av kyrkjer og kyrkjegardar

Fellestrådet har i 2014 hatt 6 møte og handsama 41 saker.

I tillegg til årlege saker som konstituering av rådet, budsjett både for drift og investering, budsjettrevidering, status rekneskap og rekneskapavslutning, årsmelding, revisjonsrapport og lønsjusteringar har fellestrådet i 2014 handsama saker som:

- * Godkjenning av gravkart Gol kyrkjegard
- * Godkjenning av gravkart Herad kyrkjegard
- * Sponsing av bilettar til ungdomsarrangement og leirstøtte frå fond
- * Felling av tre på Gol kyrkjegard
- * Rapport etter vernerunde
- * HMS aktivitetsplan
- * Avtale tilsyn taket på Gol kyrkje
- * Uttale om endring av kor partiet i Herad kyrkje
- * Ny finansiering av hellegang ved Gol kyrkje
- * Høyringsuttale – Lik og likskap – om gravferdsarbeidet
- * Høyringsuttale – Staten og Den Norske Kyrkja-eit tydeleg skille
- * Lokale lønsforhandlingar

Kyrkjeverja hadde ei kort orientering i formannskapet om budsjettet i budsjettprosessen.

TILSETTE I 2014:

Fellestrådet har arbeidsgjevaransvar for desse stillingane:

Arne Braathen kyrkjetenar 100 %

Knut Ole Klepp	reinhaldar, kyrkjetenar	40 %
Berit Langehaug	sekretær	80 % - jobba i 50% av stillinga
Ingrid Økesveen	diakon	100 % - gjekk over til 80% frå 01.08.2014 og 20% AFP
Justin Vickery	kantor	100%
Lina Turøy	kyrkjelydspedagog	60% - til 31.07.2014
Britt Marie H. Hafsås	kyrkjelydspedagog	100% - frå 01.08.2014 (40% i Hemsedal)
Anne Gerd Jorde	kyrkjevevjerje	100% - har arbeid 90% i 2014
Ingebjørg Flaget	klokkar	Timeløna
Tormod Skarsgard	klokkar	Timeløna
Birgit Hatten	klokkar	Timeløna
Gro Jordheim	klokkar	Timeløna

Alle desse er klokkarar i Gol kyrkje i tillegg til diakon Ingrid Økesveen som har litt klokkarteneste i stillinga si.

I Herad kyrkje er det kyrkjetenar Arne Braathen som har klokkartenesta inne i si stilling.

Lina Turøy sa opp stillinga som kyrkjelydspedagog frå 1. august, men arbeider mykje med barn og unge på frivillig basis.

Britt Marie Haraldset Hafsås er tilsett i 100%, men 40% av stillinga tilhøyrer Hemsedal og blir refundert derfrå.

Vikarar for organist på frihelger og ferie har vore Audun Haugeplass, Kåre Sørum, Ingebjørg Solhjell og Bjørg Aslaug Slaatto. Organisten i nes- Peter Rødel – spelte på eit bryllup i sumarhalvåret.

I tillegg har det vore sumarhjelp på kyrkjegarden – Halvor Knaldre i 6 veker og Olav Anders Engene i ca 6 veker. Deler av dette var sjukevikar. Anthea Vickery har vikariert for kyrkjetenar på oppgåver inne i kyrkja og kyrkjelege handlingar Leif Kristian Andersen var innleidd i 3 mnd til flytting av gravminne. Av dette vart lønsutgifter for 6 veker belasta fellestrådet sitt budsjett.

Sumaren 2014 fekk kyrkja ein målar som var på arbeidspraksis/utprøving. Dette var gratis arbeidskraft bortsett frå at arbeidet måtte ledest og personen hadde ikkje bil slik at det vart ein del transport fram og tilbake. Det var mykje målingsarbeid som vart utført.

REPRESENTASJON I ULIKE RÅD

Trygve Lono Smedsgård er vararepresentant i landsrådet for KA.

Anne Gerd Jorde sit i styret for Tunsberg kyrkjevevjerjelag og dermed automatisk i TAF (Tunsberg Arbeidsgjevar Forum) som er eit samarbeidsorgan mellom fellestrådstilsette og prestelina representert med biskop og stort sett folk frå bispekontoret.

KOMPETANSEUTVIKLING 2014

Kurs der enkeltpersonar har delteke:

- ❖ Haustkonferanse KA (2 dagar) - kyrkjevevjerje
- ❖ Strategikonferanse arr. av KA - kyrkjevevjerje og medlem frå fellestråd
- ❖ Kyrkjevevjerjesamling Tunsberg (2 dagar) - kyrkjevevjerje

- ❖ Fagdagar (2 samlingar – totalt 4 dagar)
for diakonar i Tunsberg - diakon
- ❖ Kurs for nyttilsette trusoplærarar (2 dagar) - kyrkjelydspedagog
- ❖ Trusoplæringskonferanse - kyrkjelydspedagog
- ❖ Førstehjelpskurs - heile staben
- ❖ Samarbeidsmøte for prestar i fellesråd og kyrkejevejer - prest og kyrkejevejer

I tillegg har det vore ein del samlingar for heile prostiet der alle i staben eller dei fleste har deltaka:

- ❖ Biskopens avskjedrunde i april
- ❖ Trusoplæring i gudstenesta
- ❖ Ny biskop hadde opplegg over ein heil i alle prosti – Hallingdal i november

På gravferdsområdet vart det arrangert dialogmøte med alle kyrkjevejer, gravferdsbyrå og alle trussamfunn på Storefjell hotell i juni. Dette var eit fellesarrangement for Hallingdal og Valdres som kyrkjevejerne står for. Erling Laa leiar i komiteen som utarbeide NOU: Lik og likskap deltok.

Staben i Gol og Hemsedal har også i 2014 hatt nokon samlingar i lag.

- ❖ Stabsdag med felles stabsmøte og fellesmåltid og juletrengang mm i Gol prestegard i januar.
- ❖ Stabstur med overnatting på hytta til Jan Olav Skinnemoen i september der det også var lagt inn omvising i Veikåker kyrkje og felles stabssamling med drøfting av ulike tema. Dette er viktige samlingar for å bygge eit godt arbeidsmiljø etter som folk til dagleg arbeider mykje spredd med ulike oppgåver.

RESULTAT – DEI ULIKE FELLESRÅDSOMRÅDA

Kyrkjeleg administrasjon, kap. 41.

30% av sekretærstilling har stått vakant heile året

10% av kyrkjevejerstillinga har stått vakant heile året

Av saker som har vore arbeid med kan nemnast:

- ❑ Tilsetjing av ny kyrkjelydspedagog i fast stilling og av diakoniarbeider i 20% vikariat.
- ❑ Lokale lønsforhandlingar etter hovudtariffoppgjeret
- ❑ Avslutning av lite legat (fond)- midlane gjekk til 32 nye salmebøker med stor skrift og midlar overført ny hellegang Gol kyrkje til ledelinje for svaksynte.
- ❑ Finansiering av ny hellegang ved Gol kyrkje og utsending av anbud. Prisen vart for høg så prosjektet vart utsett.
- ❑ Søkt om midlar frå Sparebankstiftelsen til utbetring av stavkyrkjetomta. Søknaden vart avslege, men planer med kostnadsoverslag er dermed laga.
- ❑ Også i 2014 har det kome fleire høyringar som fellesrådet har sendt uttale på:
Lik og likskap – om gravferdsarbeid og Staten og Den norske Kyrkja – eit tydeleg skille)
- ❑ Nytt design på heimesida som er meir tilpassa nettbrett og smarttelefonar.
- ❑ Nye lys på alle kontora etter vernerunden vart gjennomført.

Utfordringar:

- ❑ Kontinuerleg arbeid for eit godt arbeidsmiljø.
- ❑ Ajourføre og vedlikehalde heimesidene til kyrkja kontinuerleg
- ❑ Følgje med på sosiale mediar og legge ut stoff i dei rette kanalar
- ❑ Meir systematisk planarbeid med målsettingar
- ❑ Utvikle brukarundersøkingar ved ulike arrangement og kyrkjelege handlingar

- Utvikle vedlikehaldsplaner
- Skaffe nok økonomi både gjennom tilskot frå kommunen, men også via andre plassar det går å søke støtte frå

Kyrkjene, kap. 42

Av arbeid på kyrkjebygga i 2014 kan nemnast:

- Måling av dører, pipe, trapp til galleri og golv på galleri i Herad kyrkje.
- Måling av tak og vegger i både prestesakresti og dåpssakresti i Herad kyrkje
- Måling av golv i prestesakresti og dåpssakresti i Gol kyrkje
- Måling av kjellardør og nokon veggar i Gol kyrkje
- Vedlikehaldsbeis på deler av Herad kyrkje utvendig.
- Bytting av mikrofonar i både Gol og Herad kyrkje grunna frekvensendringar
- Avtale om årleg tilsyn med taket på Gol kyrkje
- Møte med riksantikvar og alle involverte partar om problema med lekkasje på taket i Gol kyrkje
- Møter om endringar i koret i Herad kyrkje – ingen vedtak enno
- Bygd inn materøyra for vatn til sprinklinga i Herad kyrkje

Utfordringar:

- Slutføring av rehabilitering i Gol kyrkje –sprinkling, brannvatn.
- Lekkasjer på taket på Gol kyrkje – finne løysingar og finansiere det
- Oppussing av altering Gol kyrkje
- Utbetring av kloakken i Gol kyrkje
- Installering av projektor og lerret i kyrkjene – godkjenningssprosess og val av utstyr
Har fått melding om at det stadig kjem nytt utstyr som kan nyttiggjerast i Gol kyrkje, men enno ikkje motteke forslag til kva utstyr som blir anbefalt og plassering av dette. (Saka ligg hjå forhandlar)
- Utreie moglegheiter for overføring av gudstenestene ut på sosiale mediar slik at folk kan få med seg gudstenesta heimanfrå- overføring til blant anna omsorgsbustader.
- Oppussing av dåpssakrestiet i Herad kyrkje- nye skap og løysingar
- Gelender eller anna løysing ved trapp opp til koret i Herad kyrkje.
- Oppgradere lyktene på porten ved Herad kyrkje
- Varmestyling i Herad kyrkje

Kyrkjegardane, kap.43.

Av arbeid som er gjort i 2014 kan nemnast:

- Årleg dugnad før konfirmasjon på begge kyrkjegardane
- Måling av pumpehus på Gol kyrkjegard
- Måling av nytt gjerde på Gol kyrkjegard
- Måling av deler av gjerde på herad kyrkjegard
- Utvendig måling av uthus på Herad kyrkjegard
- Godkjenning av gravkart Gol og Herad kyrkjegardar
- Plan for oppjustering av stavkyrkjetomta
- Felling av fleire store tre på Gol kyrkjegard
- Flytting av omtrent 190 gravminne
- Lovpålagt dialogmøte for trussamfunna saman alle kommunane i Valdres og Hallingdal

Utfordringar:

- ❑ Bygging av ny hellegang Gol kyrkje
- ❑ Reperasjon av steinmur under hjørne på gravfelt A i Gol
- ❑ Vidareføring av planteplana Gol kyrkjegard
- ❑ Utbetring og skilting på stavkyrkjetomta
- ❑ Motorvarmar til gravemaskin og andre køyretøy ved «bingen» ved Herad kyrkjegard
- ❑ Vidare arbeid med flytting av gravminne på Gol og Herad kyrkjegard på grunn av omreguleringa.
- ❑ Fullføre nytt gjerde rundt heile Gol kyrkjegard (står att på nedsida av kyrkja)
- ❑ Reperasjon av uthus på Herad kyrkjegard
- ❑ Asfaltering av parkeringsplassane
- ❑ Arbeid med ein eventuell utviding av Gol kyrkjegard og/eller minnelund på stavkyrkjetomta
- ❑ Nye vasspostar på Gol kyrkjegard
- ❑ Skaffe kyrkjegardskøyretøy

Andre kyrkjelege formål, kap.44.

Kyrkjemusikk

- ❑ Det er til saman arrangert 9 konsertar/sangkveldar i kyrkjene i Gol og Herad i 2014. Av desse er:
 - 1 orgelkonserter våren 2014 v/Justin Vickery
 - 1 konsert orgel og trompet v/Justin Vickery og James Robert Hendry
 - 1 konsert i samband med Fårefestivalen m/orgel og bukkehorn og lur v/Justin Vickery og Eilev Gundersen
 - 1 tradisjonell adventskonsert i eiga regi i Gol kyrkje med dei fleste kora i Gol og nokon solistar
 - 1 etter kvart tradisjonell konsert «Til Betlehem» arrangert av Audun Haugeplass m.fl i regi av fellestrådet og utøvd i Gol kyrkje
 - Konsert i Herad kyrkje i samband med Vårdansen. Ingunn Granli og Malin Saue Johansen med bandet VestNorge arrangert av Gol campingsenter og Herad sokneråd

- Andre aktørar som har brukt kyrkjene:
 - Sangkveld i Herad kyrkje v/Frelsesarmeen i april
 - Ål-koret hadde konsert i Gol kyrkje i mars
 - Damekore «Kråkesølv» hadde jazzmesse/konsert i Gol kyrkje i oktober
 - Norsk Kammerorkester saman med elevenar frå Gol og Nesbyen
 - Kulturskule hadde konsert i november i Gol kyrkje
 -

- ❑ Det har vore engasjert fleire solistar til oppdrag på gudstenester og musikkinnslag på kveldsbøna i stavkyrkja – (fiolinar, fløyte, gitar, trekkspel, song, lutt og hardingfele)
- ❑ Juleaften deltok ei gruppe med tidlegare medlemmer i koret «Tapas» med song under gudstenesta i Gol kyrkje
- ❑ Det har vore 1 folkemusikkmesse i Gol stavkyrkje
- ❑ Kantoren har koordinert forsangargruppe som har delteke i ein del av gudstenestene
- ❑ Kantoren spelar til alle kyrkjelege handlingar og gudstenester og på andakter og gudstenester på Helsetunet
- ❑ Kantoren spelar på PU- sanggruppe annakvar veke saman med diakonen
- ❑ Kantoren vår har skrive fleire nye musikkstykke som er framført i løpet av året.

Trusopplæring

Trusopplæringsplana er godkjent og er eit arbeidsreiskap for alt arbeidet til kyrkjelydspedagogen – skal evaluerast kvart år.

- ❑ Gjennomført 23 dåp i 2014, av desse hadde 18 budstadsadresse i Gol 4 av desse er døypt utanfor Gol kommune, men høyrer til her.
- ❑ 12 dåpsbesøklarar som til saman hadde ansvar for 99 dåpsbesøk til 1, 2 og 3-års dåpsdag
- ❑ Babysang i samarbeid med Frelsesarmeen (vekentleg samling 10 veker haust og 10 veker vår). 19 barn har delteke i 2014.
- ❑ Utdeling av bok til alle 4-åringane med samlingar i forkant av gudsteneste (19 barn møtte i 2014)
- ❑ Dåpsskule for 6-åringane – to samlingar på ettermiddag og gudsteneste (5 barn deltok i 2014)
- ❑ Tårnagenthelg for 8-åringar med samling og utforsking av kyrkjebygget på laurdag samt planlegging av gudsteneste og deltaking i gudsteneste søndag. (9 barn deltok)
- ❑ «Lys våken» samling med overnatting i kyrkja for 10-åringar – (16 barn møtte)
- ❑ 10 samlingar med «Gullrekka» som er eit barnearbeid for barn 4- 13 år.
Kyrkjelydspedagogen hadde ansvar for fellessamlingane i starten av samlinga og opplegget for 10-13 åringane fram til sumaren 2014. Frå hausten 2014 har heile «Gullrekka» vore drive av frivillige, men er fortsatt eit ledd i trusopplæringa.
- ❑ Konfirmantleir og nattcup for konfirmantar (52 konfirmantar i Gol og Herad våren 2014)
- ❑ «Helmax helaften» - eit arrangement for ungdom frå heile Hallingdal i okotber 2014 på Gol bedehus. Trusopplæringa var arrangør. Ca 50 unge frå 8. klasse og oppover deltok. Her var det vollyballturnering, mat, andakt, minikonserert og underhaldning.
- ❑ 5 barnehagar i Gol med julekrybbevandring i kyrkja før jul (delt på 3 samlingar). (Litt over 90 barn deltok i 2014)
- ❑ I februar fekk konfirmantane tilbod om sponning av billett og skyss til opningskonserten på Vinter Skjærsgårs i Ål. 16 ungdomar deltok frå Gol.

Diakoni

Gol har ein godkjent diakoniplan som er arbeidsreiskap for diakonen – blir evaluert av diakoninemnda kvart år

- ❑ Åpent hus – formiddagstreff for eldre på Gol bedehus ein gong i månaden
Den årlege turen for Åpent hus i august, gjekk til Blåfargeverket i Modum.
- ❑ Dugurdstreff – uformelt samvær ein formiddag i månaden på Gol bedehus.
Formiddagsmat og ulike tema om gamle dagar der deltakarane er med å bidreg
- ❑ Torsdagstreff for kvinner og barn - fleirkulturelt treff – eit samarbeid mellom Diakoniutvalet, Helselaget og Røde Kors. Blir gjennomført ein gong i månaden og ein tur om våren. Også i 2014 gjekk den årlege turen i juni til Merket i Tisleidalen.
- ❑ Sangstunder for psykisk utviklingshemma med diakon og organist kvar 14. dag. (20-25 deltakarar). Gruppa var også med på adventstund i Gol kyrkje..
- ❑ Eldres dag i Gol kyrkje i oktober i samarbeid med Gol Helselag
- ❑ Sangstunder og andakter på Helsetunet og i omsorgsbustader
- ❑ Hausten 2014 har diakoniarbeideren starta med lesestunder på Gol helsetun.
- ❑ Breidokk erindringsgruppe som blir drive av diakonen. Samlingane er på Breidokkstugu. (10-12 deltakarar)
- ❑ Besøk til 80- og 100- åringar og gratulasjonsbrev til alle 90-åringar.

- ❑ Fasteaksjon – dør-til-dør aksjon for Kirkens Nødhjelp der konfirmantane deltek. Samla inn 57 478 kr i 2014.
- ❑ Diakonen organiserer kyrkjeskysst frå Gol Helsetun og omsorgsboligane på sumarhalvåret. Det er frivillige som køyrer.
- ❑ Diakoniutvalet har hatt ansvar for kyrkjekaffe på Allehelgensdag og nokon andre gudstenesteer. I tillegg hadde dei ansvaret for måltidet i Gol kyrkje i samband med gudstenesta skjærtorsdag kveld. Diakonen går på besøk til dei som ynskjer – ca 90 besøk i 2013.
- ❑ Temakveld om sorg i samarbeid med presten like etter Allehelgensdag.
- ❑ Sorggruppe (4 deltakarar)

For meir detaljerte opplysningar om arbeidet under kapittel 44- sjå elles eiga årsmelding frå dei ulike tilsette som blir sendt sokneråda.

Utfordringar:

- ❑ Å stimulere tilsette og frivillige til arbeid i kyrkjelyden slik at gudstenesteliv, undervisning, barne -og ungdomsarbeid, kyrkjemusikk og diakoni kan bidra til god livskvalitet for kommunens innbyggjarar.
- ❑ Fortsatt arbeid med organisering av kyrkja i framtida
- ❑ Evaluering og vidareutvikling av vedtekne planer
- ❑ Innføring av ny liturgisk musikk i samband med ny liturgi
- ❑ Tilbod for ungdom frå 8. klasse og oppover (finns ikkje noko organisert ungdomsarbeid i Gol frå 2015)

Økonomien:

Rekneskapsresultatet for 2014 viser eit mindreforbruk i høve budsjett på 69 506,79 kr. Dette er eit mindre mindreforbruk enn tidlegare år, men samtidig har budsjetta vorte stramare siste åra. Ei stor overskriding dette året, var ein auke i pensjonskostnader frå året før på nesten 200 000 kr.

Mindreforbruket er foreslege overført med 10 000 kr til kvart av dei to sokneråda og resterande sum overførast til kyrkjeleg fellestråd sitt disposisjonsfond..

Sluttord – utfordringar framover

Det ligg fortsatt mange spenningsmoment og utfordringar på alle reformer i kyrkja både på organisering og innanfor gudstenestelivet. Ny liturgi og ny salmebok er innført og snart skal det takast stilling til ny liturgisk musikk. Organiseringa av kyrkja i framtida med ein eller to arbeidsgjevarliner, er heller ikkje bestemt enno. I samband med organiseringa, er også framtidig rådsstruktur noko som må takast stilling til og som skal vera verksom frå 2020.

Det som står att av rehabilitering har gått trått og er eit utfordring å få fart i att. Samtidig er det såpass mykje usikkerheit enno om kva som må gjerast med lekkasjene på taket på Gol kyrkje slik at det kan vera greitt å halde attende noko av økonomiske midlar til rehabilitering om det blir naudsynt med store reperasjonar.

Arbeidsmiljøet er ein viktig faktor for at tenestene me yter skal verta gode. Å utvikle gode samarbeidsrelasjonar og kjensle av fellesskap, samt kompetanseheving hjå tilsette er nødvendig for å utføre kvalitative tenester. Utvikling av brukarundersøkingar som kan gje ein peikepinn på kva som fungerer bra og potensiale for å endre ting, bør på plass.

Det er også viktig å gi innbyggjarane våre gode opplevingar i møte med kyrkja. For å gjere dette er samarbeidet med andre lag og organisasjonar, frivillige og Gol kommune særst viktig;

Kommunen gir rammevilkåra for kva standard våre tenester har til innbyggjarane i Gol. Kommunen sine haldningar til kyrkja har vore gode og det er eit nært og godt samarbeid med kommunen, noko fellestrådet er svært takknemlege for. Ein sit med ei kjensle av at vi lyfter i lag. Det er likevel ein stor utfordring at kommunen nå står i ein vanskeleg økonomisk situasjon, noko som også gjer seg gjeldande for overføringane til kyrkja.

Gol kyrkjelege fellestråd takkar tilsette, frivillige, soknerådsmedlemer, andre samarbeidspartnarar og Gol kommune for godt samarbeid. Vi ser fram mot vidare godt samarbeid i 2015.

Gol 10.03.2015

.....
Anne Gerd Jorde
Kyrkjevevje

.....
Ola Grønseth
Leiar Gol kyrkjeleg fellestråd